



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

SURNADAL KOMMUNE
Bårdshaugvegen 1
6650 SURNADAL

Vår dato: 07.01.2026

Vår ref.: 202311198-17 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE trekker motsegn til reguleringsplan for Vollan boligfelt i Surnadal kommune

Vi viser til e-post 08.12.2025 og 17.12.2025 med vedlegg. Saka gjeld reguleringsplan for Vollan bustadfelt – Øygardslia i Surnadal kommune. I e-post 08.12.2025 ber de oss om å trekke motsegn til planen på grunnlag av grunnundersøkingar som er gjennomført.

NVE trekker motsegn til reguleringsplan for Vollan bustadfelt – Øygardslia i Surnadal kommune. Rapportane som er lagt fram i saka dokumenterer eintydig at det ikkje er fare for kvikkleireskred i planområdet. Det er dokumentert tilstrekkeleg tryggleik for planlagt utbygging på siste plannivå i samsvar med krava i byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-3.

Plandokumenta må oppdaterast med ny informasjon. Vi viser til at Kommunal- og distriktsdepartementet sitt vedtak i saka datert 28.05.2025, har vilkår om at eit revidert planframlegg må sendast på høyring i samsvar med reglane i plan- og bygningslova før slutthandsaming.

Om motsegna

NVE fremja motsegn til reguleringsplan for Vollan bustadfelt – Øygardslia i Surnadal kommune i brev datert 24.08.2023. Grunnlaget for motsegna var manglande avklaring av reell fare på siste plannivå. Dersom Surnadal kommune syter for å avklare om planlagt utbygging kan skje med tilstrekkeleg tryggleik mot områdeskred av kvikkleire fell grunnlaget for motsegna bort.

Plansaka har vore til mekling hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal utan å føre til løysing, og saka vart sendt til Kommunal- og distriktsdepartementet for endeleg avgjerd. Departementet gjorde vedtak i saka 28.05.2025 og godkjende ikkje reguleringsplanen. I vedtaket fekk kommunen krav om å avklare reell fare på siste plannivå. Motsegna frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal knytt til omdisponering av landbruksareal vart ikkje tatt til følgje, men det vart sett krav om å legge til rette for høgare utnytting av arealet. I vedtaket skriv departementet at kommunen kan gjere vedtak i plansaka etter ny høyring.



Om grunnforholda og avklaring av fare på siste plannivå

Det er gjennomført grunnundersøkingar i planområdet som er presentert i Pro Invenia sin datarapport datert 05.12.2025. DMR Miljø og Geoteknikk AS har i rapport datert 16.12.2025 vurdert fare for kvikkleirskred i planområdet basert på m.a. nye grunnundersøkingar, og konkluderer med at det ikkje er fare for kvikkleireskred.

Dokumentasjonen som er lagt fram gir grunnlag for å vurdere om planområdet har tilstrekkeleg tryggleik mot fare for kvikkleireskred på siste plannivå. Dokumentasjonen gir eintydig grunnlag for å konkludere om tryggleiken, og det er vurdert at kravet til uavhengig kvalitetskontroll ikkje slår inn.

Vi vurderer at grunnlaget for motsegna har falle bort. **Under føresetnad om at plandokumenta blir oppdatert i samsvar med nye vurderingar trekker NVE motsegn til reguleringsplan for Vollan bustadfelt i Surnadal kommune.** Vi gjer merksam på at Kommunal- og distriktsdepartementet sitt vedtak 28.05.2025 stadfestar at planen må på ny høyring før kommunen kan gjere endeleg vedtak i saka.

Meld inn naturfareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

SURNADAL KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune